

Ingvild Lothe: *Hvorfor jeg er så trist når jeg er så søt*. Dikt, Kolon 2016, 71 sider

Ingrid Nielsen: *Hemmelig, men aldri som en tyv*. Dikt, Gyldendal 2016, 73 sider

Catherine Blaavinge Bjørnevog: *Um sakne springe blome*. Lyrikk, Samlaget 2016, 137 sider

Maiken Horn Bolset: *Narr*. Dikt, Cappelen Damm, 63 sider

Lidande, lengtande – men håpefulle?

Det var berre kvinner som debuterte med dikt i 2016. Vår kritiker spør seg: Er håpet obligatorisk fordi liding og tap er det nye tabuet?

Tekst av Merete Røsvik Granlund

Det er alltid fare for at ein overdriv likskapane når ein skal skrive om fleire bøker, spesielt når ein, som meg, ser etter nye tendensar. Men er det ikkje litt påfallande at alle poesidebutantane i 2016 skriv om psykisk smerte og framandgjerding, men at dei fleste likevel tonar ut i tru, håp og kjærleik?

At alle poesidebutantane i fjor var kvinner, trur eg ikkje seier noko om utviklinga på feltet, for så langt ser det ut til at det er flest menn som skal debutere med dikt i 2017. Det kan likevel vere greitt å ha kjønnspektivet i bakhovudet gitt at seksualitet, kjærleik og familie var sentrale motiv. Band til slekt og tradisjon var også viktig. Men la meg, for å halde på interessa, starte med sexen.

Sex og opprør

Nyleg såg eg Pussy Riots musikkvideo til låta «Make America Great Again», ei lite subtil åtvaring om Donald Trumps totalitære tendensar. Det visuelle uttrykket og kroppsspråket er tydeleg seksualisert, og det fekk meg til å lure: Kan seksualitet framleis verke undergravande i vår pornofikserte kultur, eller er det mest eit middel for å få merksemd? Uansett er sex er eit tema som alltid har hatt ei kopling til makt og dermed politikk.

På 1960-talet inspirerte filosofen Herberg Marcuse venstreintellektuelle med påstanden om at seksuell frigjerding var naudsynt for politisk frigjerding. Tanken var at seksualitet er uløyselig knytt til livskraft, kreativitet og motivasjon – berre snu på Funcadelic sin legendarisk albumtittel frå 1970, så har du det: «Free your ass and your mind will follow».

Det stemte kanskje på 70-talet då ungdom med langt hår, panneband og slengbukser gjekk i demonstrasjonstog og ropte «Make Love, Not War!»; den seksuelle revolusjonen og politisk opprør gjekk hand i hand. Og det er lett å førestelle seg kor frigjerande dette må ha vore for dei som vaks opp i ei tid då strenge sosiale hierarki, frykt for atomkrig og sterke seksuelle tabu hadde lagt ein kraftig dempar på ungdommeleg livsutfalding.

Men når eg les dei to yngste av poesidebutantane frå 2016, Ingvild Lothe (f. 1990) og Maiken Horn Bolset (f. 1989), vert eg mint på kor mykje samfunnet har endra seg frå då til no. Og ein kan neppe seie at historia har gitt Marcuse rett: Det er mykje fint ein kan seie om ungdom i dag, men at seksuell fridom har ført til sterkare politisk engasjement kan ein vanskeleg påstå. I staden kan det verke som sex har blitt ein ny arena for prestasjonspress.

Hos Bolset og Lothe er fri sex ei sjølvfølge, men skildringane er prega av desillusjon; sex er assosiert med rutine, tenester og av og til audmjuking. Emosjonell intimitet er berre unntaksvis involvert.

Medan det funky refrenget på 70-talet var «Free your mind ...», kling Lothes samling *Hvorfor jeg er så trist når jeg er så søt* meir som vår tids rap: «We don't give a fuck about y'all / we don't give a fuck about much at all» (Kool & Kass: «Pleasance»). Lothe uttrykk for kjensler gjennom utviklinga frå barn til vaksen verkar fullt av pubertal trass, spesielt i omtalen av sex. Ho samanliknar til dømes samleie og abort: «bare en eller annen idiot / som pirker deg i skjeden / med et ubehagelig redskap». Diktareget er ulukkeleg, går på fylla og vaknar opp naken på ein sofa med «cumshot rett i fjeset». Sjølv når seksualiteten er lukkeleg i det siste diktet, er det skildra dels blasert, dels kokett opprørsk: «det er ingen hemmelighet / at jeg er den peneste dama / du har ligget med» (...) «jeg er nypult og glad / med sæden din i munnen / når jeg går».

I éit dikt viser ho framandgjering frå kropp og stemme gjennom skildring av kroppsvask som endar med å vaske bort «munnen, leppene, taleevnen» samt skylle og henge tarmene til tørk. Det er nesten skremmande kor lite anna som finst i dikta enn kropp og seksualitet, og kor mykje av det lille håpet som finst som knyter seg til romantisk kjærleik.

Også Maiken Horn Bolsets samling *Narr* skriv om eit eg som er framangjord frå eigen kropp: «Deler av meg er plattformer / hvor andres fantasier utspiller seg». Medan fokus hos Lothe er på manglande evne til emosjonell nærleik som ho fører attende til ein tøff barndom, har Bolset ei vidare problematisering av kjønnsroller som ho også knyter til kontakt med eldre kvinner i familien. I dei tidlege dikta møter vi ei vill jente som sloss i barnehagen, plaga dyr og hjalp faren med slakting. Men det vaksne diktareget har blitt sosialisert inn i ei passiv kvinnerolle der kjensler må kome ut på tiltalende og politisk korrekt vis.

Bolset knyt ofte seksuelt ladd metaforikk til munn og stemme. I diktet som startar med linja «For min del kan du beholde talerstolen og stemmen» blir diktareget beden om å knele i sanden; «så drev du språket ned i halsen min med ditt gigantiske punktum». Eit par sider seinare heiter det at «det skal være behag knyttet til meg, til mitt nærvær». Ser ein det i samband med eit tidleg dikt kor det heiter at «ingen tar i deg hvis du raser / lid med tiltalende uttrykk», får ein inntrykk av at for å vere ei seksuelt tiltrekkjande kvinne, og dermed for å få kjærleik, er det naudsynt å legge lokk på det opprørske i seg.

Kvinna i dikta blir narren; den som får alle rundt seg til å føle seg vel. Aggresjonen er der, men vendt innover? Diktareget går til gruppeterapi fordi ho «blir syk av ironi». Likevel endar også denne samlinga på ein håpefull tone; diktareget vil vere saman med alle ho elsker så ho kan høyre dei le.

Toleleg lidning

Hos dei to andre debutantane er ikkje seksualitet eit eksplisitt tema. Men i Catherine Blaavinge Bjørnevogs (f. 1975) *Um sakne springe blome* er sagn og sorg knytt til romantisk kjærleik viktig. På eit konstruert og arkaisk-klingande nynorsk som minner om dialekt frå Setesdal eller Telemark, fortel ho ei gåtefull og tragisk historie med utgangspunkt i eit motiv frå folkeeventyret «Kvitebjørn Kong Valemon»:

Ei kvinne forelskar seg i ein mann som er under forbanning og må vere bjørn om dagen, og som ho ikkje får lov til å sjå når ho deler seng med han som mann kvar natt. Etter at ho har blitt gravid, lengtar ho så sterkt etter å sjå han at ho tenner eit lys, men han vaknar og ho misser han for godt. Dette er berre innleiinga; vidare høyrer vi mange slags gåtefull tale, mest frå kvinna sjølv, men òg frå borna hennar og frå Gud. Kvinna, som ein kan kalle hovudpersonen, lever i smerte og lengt etter mannen og dei tre sønene som mest liknar mytologiske vesen og som forsvinn ein etter ein.

I tillegg til gjenbruk av mytestoff, inneheld dikta mange formuleringar som gir assosiasjonar til den nynorske 1938-bibelowsetjinga, spesielt Høgsongen («O kom aup me / kjærleiki mi / E he vente pau

ti / sia morgon/», Klagesongane («kvefo straffe deu me so») og Johannes Openberring («o himle o fjell sku opna se / o have sku lyfte / ei ny verd»). Dermed gir teksten like mykje kjensla av mytologisk tid som ei bestemt historisk tid.

Naglemerke og krans er bibelske symbol som gir assosiasjonar til Jesu liding i Bibelen. Det ligg generelt ei tung kjensle over dikta, ikkje berre av lengt, men av skuld, smerte, fortvilning og galskap. Det blir konkretisert gjennom at det er vinter, haust og natt, klassiske bilete på sorg og depresjon. Mot slutten er det også snakk om dyr som blir skotne, hus som vert rivne, sorg og skrik. Slik teiknar Bjørnevog opp ein dystopi. Sjølv om ein kan sjå lidinga som straff for begjæret som fekk kvinna til å bryte forbodet om å sjå elskaren sin, oppfattar eg like mykje dikta som eit forsøk på å leve seg inn i den lidinga som er så stor at ho driv ein inn i galskapen.

Jacob Lothe skriv i *Etikk i litteratur og film* (2016) at fiksjon kan gjere det mogeleg å nærme seg traumatiske hendingar ein ikkje orkar å møte utan filter. Lesinga av Bjørnevog gir meg assosiasjonar til fantasy og thriller-fiksjon som serien *Game of Thrones*, som på eit vis hjelper oss å bearbeide redsla for liding fordi vi kan sjå ho gjennom eit fjernt fiksjonsunivers. Samstundes veit vi at mange opplever ekstrem fysisk og psykisk liding nær oss i tid og rom: menneske som blir bomba i Syria, som misser borna sine i Middelhavet, som frys og svelt i slumliknande flyktningleirar i Europa eller prøver å ta livet av seg på lukka asylmottak i Noreg. Det er kunnskap og kjensler det er vanskeleg å integrere i eit moderne, sosialdemokratisk verdsbilete.

Ein samanheng å leve i

Ingrid Nielsen (f. 1968) tar også utgangspunkt i gamle tradisjonar i diktsamlinga *Hemmelig, men ikke som en tyv*. Nærare bestemt religiøse merkedagar som Lucianatt, gamle skikkar for pynting til jul og julekrybber, St.Hans-feiring og hausting av frukt ved Mikkelsmesse.

Det er noko eksotisk over Nielsens saklege skildringar av gamle dagar no når så mykje litteratur handlar om moderne kvardagsliv og sjølvbiografi. Mange av dikta nærmar seg eit besvergande og messande språk som står godt til skildringa av skikkar og folketru: «i denne natt skal du passe deg og dine / når mørket kommer, skal du tenne ild» («Lussi langnatt, s. 10). Andre dikt nærmar seg prosadiktet med både saksinformasjon og små forteljingar om draumar, til dømes.

Bruken av merkedagane fører oss gjennom året frå desember og jul til vår, sommar og haust med nytt snøfall. Årstidene blir markert gjennom motiv henta frå naturen: regn og jord, stein, blomar og fuglar. Det er som om dikteren teiknar opp ei verd ho elsker, men ikkje heilt veit om får lov til å vere ein del av. Og det viser seg å vere gode grunnar til det.

Samlinga har fem delar, og frå og med andre del er diktareget tydelegare til stades. Dikta formidlar tunge kjensler som angst («når jeg har mistet alt, vil jeg se / jorden som gutten min vil ligge i») og mismot («glem at du trodde livet var for deg»).

I del IV kjem ein serie av dikt med tittelen «Morfin, Haukeland, sommeren 2010». Tid- og stadfestinga gir inntrykk av at dei skildrar ei faktisk sjukdomshistorie. Det handlar ikkje berre om overleving for diktareget, men òg for eit barn i magen. Dette er det store dramaet i samlinga, og i tilbakeblikk legg det ein dimensjon til skildringa av advent og jul; forventinga om eit born som skal bli født og spørsmålet om den lille familien vil klare seg. Men dei overlever begge, og også denne diktsamlinga tonar ut med håp; eit familiemåltid hausta frå naturen og ein inviterande gest mot resten av naturen og livet som fullfører det sykliske i komposisjonen: «Kom, lette snø. / Kom, tunge snø.»

I forlenginga av dette må eg kort nemne ei anna diktsamling frå fjoråret: Guri Sørungård Botheim (f. 1978) debuterte som poet med *Heime mellom istidene* etter å tidlegare ha gitt ut ein roman og ei sakprosabok i samarbeid med andre. I desse dikta (tidlegare meldt i BLA nr. 1/2016) er identitet knytt til heimstad og slekt svært viktig. Men eit anna viktig tema er korleis det er å leve vidare når mannen diktareg'et elska og knytte identiteten sin til, har forsvunne, og korleis ho kan skape rom for ny kjærleik. Her sluttar det med at det nye kjærsteparet finn felles grunn for ein ny start når dei i både bokstaveleg og overført tyding legg frå seg all bagasje og stig «uppover i klarheit».

Dermed kan vi telje fem ferske poetar som i 2016 skreiv om framangjering og psykisk smerte, samstundes som dei skriv seg inn i ein (familie-)tradisjon.

Underleggjeringsskala

Det er stort spenn i korleis poesidebutantane nyttar språket, og for meg heng nok vurdering av kvalitet tett saman med graden av det den russiske formalisten Viktor Sjklovskij kalla desautomatisering og underleggjering: Litteraturen, og då spesielt poesien, kan gjennom å bryte med dei språklege og litterære konvensjonane riste oss ut av automatiserte oppfatningar av verda og lære oss å sjå på ein ny og frisk måte.

På den skalaen kjem Bjørnevogs *Um sakne springe blome* høgst opp på grunn av kombinasjonen av konstruert, arkaisk språkføring, mystisk biletbruk og uklare narrative samanhengar. Ein kunne sjølv sagt argumentere for at det å nærme seg det arkaiske både i språk og kjende motiv frå eventyr og religion snarare er tilbakeskodande enn nyskapande. Men den totale effekten er absolutt underleggjerande, nettopp fordi det lyriske språket seinkar forståinga og tvingar lesaren til å tolke aktivt i staden for at kjende formuleringar produserer ein rutinemessig straum av bilete i hovudet. I tillegg er språket sterkt musikalsk, og poetren vågar seg inn sterke og vanskelege motiv og kjensler.

Det gjer også Lothe, men ho er i motsett ende av underleggjeringsskalaen. *Hvorfor jeg er så trist ...* er typisk ekspressive dikt kor fokuset er på utvikling av ein karakter gjennom stemme og haldning, ikkje språkleg nyskaping. I staden for å utfordre forståinga spelar Lothe på klisjeane, kanskje som eit opprør mot forventinga om poesi som komplisert og «djup». Kontrasten mellom Bjørnevog og Lothe er påfallande:

«o undre jordi veks søva / u da sum leve gjenom sorga ske skrive gravene aut».

«Jeg tar alt for lite selfies. / Er jeg verdifull. / Burde jeg ta flere selfies.»

Det kan vere at det enkle, umogne uttrykket hos Lothe er intendert, men språkglede skaper ho ikkje i meg.

Bolsets *Narr*, som har mest sams med Lothe både tematisk og språkleg, uttrykkjer seg meir indirekte og biletleg. Det kan også ha ein humoristisk effekt, og er ikkje humor ofte resultat av underleggjering? Som her: «Porer ører munn nese fitte / kroppen ofrer seg på hullemaskinens bord». I denne samlinga er variasjonen i uttrykket større, frå det direkte gåtefulle til enkelt forteljande dikt: «Jeg var femten år / da jeg tatoverte en fisk på undersiden av venstre bryst». Dikta kan dermed i større grad enn både Lothes og Bjørnevogs dikt bli lest isolert frå resten av samlinga. Nivået varierer noko, men Bolsets humoristiske feministdikt er i sum ei positiv overrasking.

Hos Nielsen fungerer referansar til gamle tradisjonar underleggjerande. I tillegg til å formidle genuin interesse for gamle skikkar, set innlevinga i det gamle notida i perspektiv. Det tilsynelatande lettfatteleg språket er ikkje alltid enkelt å tolke, motiva kan alltid vise til noko anna og meir. Diktet «Den nye kysten» kan, gjennom skildring av korleis Frans av Assisi starta skikken med julekrybber, gi assosiasjonar til dei som flyktar og treng «herberge» i vår eiga tid. Dermed minner julemotivet

indirekte om misforholdet mellom verdiane vi seier vi feirar i jula og dei verdiane politikken i praksis viser. Nilsen har ein nesten reservert, men likevel inderleg tone, og dikta veks ved fleire lesingar – ein viktig indikator på kvalitet i min kritikarmanual.

Vår tids tabu?

Der underleggjering er positivt ladd avstand, er framandgjerung vondt; kjensla av å vere skild frå verda og fellesskapen, av å ha mist kontakten med det naturlege. Gjennom skildringar av dekonstruerte kroppar, sinne, lengt og sorg gir poetane negativt formulerte uttrykk for kor viktig kjærleik og fellesskap er. Likevel endar dei fleste på ein håpefull tone, berre Bjørnevogs mytologisk og språkleg fjerne diktfiksjon er heilsvart.

Kvifor denne trongen til å understreke at det endar bra? Er det eit tabu i vår tid å vere avhengig av andre, å lide fordi ein lengtar og sørgjer, fordi ein er utåleleg rasande og trengjande eller har tapt og er heilt aleine? Eller er det den lidinga som ikkje er vår eiga det er aller verst å ta inn over seg? Eg veit i alle fall at eg heller vil tolke dikt.